



LANGTIDSPLAN TROLLBARNEHAGANE



2024-2028



Med hjerte for
barna



INNHALDSLISTE

Kva er ein årsplan, og kva skal den innehalde	3
Dette er Trollbarnehagane	4
Visjonen vår	5
Barnehagen sitt verdisyn og haldningar	5
Naturen er magisk og unik	6
Leik, læring og relasjonar	7
Sosial kompetanse	9
Vaksenrolla	10
Inkludering/mangfald, likestilling og mobbing	12
Språkutvikling	13
Omsorg, vennskap og fellesskap	14
Danning	15
Livsmestring og helse	16
Demokrati	17
Berekraftig utvikling	17
Barns medverknad	18
Barn med særskilte behov- tidleg innsats	18
Samarbeid heim-barnehage-skule	19
Kultur/tradisjonar	23
Barnehagekvardagen/rutiner	26
Fagområda	29
Samarbeidspartnarar	33
Observasjon-planlegging og kartlegging	34
Dokumentasjon og vurdering	34

KVA ER EIN ÅRSPLAN, OG KVA SKAL DEN INNHALDE?

Årsplanen er barnehagen sitt overordna pedagogiske dokument.

Den bygger på «**Lov om barnehager**», «**Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver**» og «**Lokal rammeplan for barnehagane i Herøy**»

Barnehagen sitt samarbeidsutval (SAU) skal fastsette årsplanen.

Rammeplanen tilsvrar læreplan for skulen, og er ei felles forpliktande plattform i høve til planlegging, gjennomføring og vurdering av innhaldet i barnehagen. Rammeplanen og barnehagelova utgjer barnehagen sitt samfunnsmandat.

Årsplanen skal:

- Vere eit arbeidsreiskap for heile personalet, for å sikre samanheng og progresjon i arbeidet, samt evaluering og dokumentasjon.
- Tene som bindeledd mellom barnehagen og foreldra, og i samarbeidet mellom barnehagen og samarbeidsutvalet (SAU).
- Gi oversikt over barnehagen sitt pedagogiske arbeid til eigar, kommunen, politikarar, barnehagen sine samarbeidspartnarar osv.

Årsplanen er ein beskrivelse over verksemda vi driv, og vi har delt den inn i to deler:

- **Den fyrste delen** er ein langtidsplan som går over 4 år, og som seier ein del om rammene til barnehagen. Kva er karakteristisk for Trollbarnehagane, personal- og foreldresamarbeid, lover, satsingsområde dei neste 4 åra, m.m.
- **Den andre delen** tek føre seg inneverande barnehageår, mål, innhald og metodar.

Vidare vil kvar avdeling legge ut månads- og vekeplanar, som viser mål, innhald og arbeidsmåtar omsett i praksis, samt evaluering og dokumentasjon på kid-plan- som er vår barnehageapp.

Personalet i barnehagen er opptekne av at de som foreldre kjem med meininger og synspunkt på innhaldet.

Vi oppfordrar alle foreldre til å vurdere årsplanen og kome med kommentarar og eventuelle forslag til endringar.

Velkommen til Trollbarnehagane <3

Mvh Anett Mari, dagleg leiar.

DETTE ER TROLLBARNEHAGANE

Troll-lia barnehage ligg på Frøystad. Har pr. i dag 5 avdelingar for barn i alderen 0-6 år. På uteleikeplassen har vi eigen skog, stor og flott leikeplass, samt fleire turmål som har gåavstand frå barnehagen. Russebussar blir benytta av begge barnehagane for å kome seg til Trollbuda/Russebuda, samt andre turmål, som ein kan disponere til å samle russe for eige opplegg og aktivitetar.

Troll-myra barnehage ligg på Bergsøya. Har pr. i dag 5 avdelingar for barn i alderen 0-6 år. Den ligg sentralt i roleg og tettbygd nabolag og i nær avstand til kjekke turområder. Her er også ein stor og flott uteleikeplass med mykje spennande å utforske.

Eigararar av Trollbarnehagane er Ann-Kathrin A. Storøy og Inger-Kristin H. Vike.

Det er utarbeida eigne vedtekter, HMS og brann rutinar for Trollbarnehagane.

Ansvar og roller:

- Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande lover og regelverk.
- Styrar har det daglege ansvaret – pedagogisk, personal og administrativt.
- Pedagogisk leiar har ansvaret for å sette i verk og leie det pedagogiske arbeidet i tråd med godt fagleg skjønn.


Barnehage til alle barn

- Trollbarnehagane tilbyr barnehageplass etter foresattes behov og ynskjer.
- Vi har eit variert leike- og aktivitetsmiljø – naturbarnehagar – som byggjer på «Lov om barnehage» og «Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver» - som tek hensyn til at alle barna får eit varierande aktivitetstilbod.

Kompetent personale:

- Trollbarnehagane har ein 4-årig handlingsplan som viser kva vi skal arbeide med dei neste åra.
- Årsplan som bygger på handlingsplanen og som viser kva vi ønsker å legge vekt på og jobbe med dette året. Viser også kontinuiteten i arbeidet vårt.
- Vi har ein app - Kid plan. Her får foreldre og personal god oversikter over blant anna vekeplanar, bilete, nyheiter, konkrete mål, satsingsområde, fag og tema.
- Vekeplanar til personalet som viser tema/aktivitetar og ansvar.
- Vi brukar interne planleggingsdagar og personalmøte til å evaluere og planlegge for å få progresjon i arbeidet vårt. Vi har også faglege oppdateringar.
- Tek del på kurs – leiarutvikling. Utvikle relasjonskompetanse kvar dag.
- Lese fagbøker/artiklar som er aktuelle i arbeidet vårt.
- Vi har ein open dialog i personalgruppa, slik at kvar enkelt får utvikle seg på ein positiv måte og kan få bruke sine interesser og ressursar slik ein skulle ønske.
- Medarbeidarsamtalar, veiledning, relasjonsbygging.
- Avdelingsmøter/personalmøte.
- Gode haldningar og bevisste på at vaksenrolla er i fokus kvar dag.

VISJONEN VÅR



BARNEHAGEN SITT VERDISYN OG HALDNINGAR

Vårt pedagogiske grunnsyn tek utgangspunkt i eit heilskapleg syn på barnet. Dvs. at barn si læring er ein kontinuerleg prosess som vert påverka av opplevingar og erfaringar. Vi har eit positivt menneskesyn. Alle barn har gode kvalitetar som personalet skal bygge på, gi masse ros og omsorg, og støtte barnet sine standpunkt. I Trollbarnehagane skal personalet ta vare på det enkelte barn sin eigenart.

Kvar enkelt i ei personalgruppe har sin eigen måte å sjå menneska på. Dette synet er grunnlaget for korleis ein møter barna i kvardagen. Personalet skal gi alle barn same moglegheiter uavhengig av evner og føresetnadnar. Vi skal møte barna med respekt for deira eigen verdi. Alle barn skal verte møtt med kjærleik, empati og respekt for å kunne utvikle eit positivt sjølvbilde.

Barna treng klare vaksne som kan veilede, sette grenser og vise omsorg gjennom handling og veremåte. Barna skal bli møtt med glede og humor på avdelingane. Haldningane til vaksne er avgjerande for eit aksepterande klima.

Gode relasjonar er i fokus. Personalet er opptekne av at den gode stemninga på huset skal prege vår barnehage. Personalet skal være leikande vaksne som sprer glede.

Trollbarnehagane er opptekne av å stå saman og hjelpe kvarandre. Samarbeid skjer på tvers av avdelingar og på tvers av barnehagane våre.

Vi vektlegg det sosiale fellesskapet, at alle får minst ein venn. Trollbarnehagane skal vere ein plass der barn og vaksne tek hensyn, viser respekt og omsorg for kvarandre. Personalelet i Trollbarnehagane skal forebygge mobbing med å jobbe med sosial kompetanse.

I samspel med andre menneske i barnehagen, lærer barn grunnleggande normer og grenser som er viktige å ha med seg i det vaksne liv.

Vi tek utgangspunkt i grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet – verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane (jmf. FNs barnekonvensjon)

Vi jobbar utifrå Barnehagelova, Rammeplan for barnehage og FN's barnekonvensjon.

Trollbarnehagane verdset foreldresamarbeid høgt. Barnehagen skal være ein god stad for barn, foreldre og personale.

- **Alle barn skal bli møtt med varme, anerkjenning, og oppmuntring.**
- **Alle barn skal oppleve seg sjølv som verdifulle og godtekne.**
- **Alle barn skal få delta utifrå eigne føresetnadar.**
- **Alle barn skal føle at dei vert respekterte.**

NATUREN ER MAGISK OG UNIK

Trollbarnehagane er barnehagar som brukar mykje naturen i det daglege. Det å vere ute er ei kjelde til å oppnå ønska mål og planar.

Kvar dag vil vi jobbe for å gje ditt barn mange gode og positive opplevelingar på plassane våre. Nokon av dei er Vikane, Lunvik, Skumlesund, Viketoppen, Svartevatnet, Trollskogen, Nøtteskogen og fjell og fjøre rundt oss i nærmiljøet vårt, samt uteområda til barnehagane.

Personalelet i Trollbarnehagane skal gje barna turglede, meistringsfølelse og rom for undring over naturen vår! Gode, engasjerte vaksne skal gje seg tid i mindre og større barnegrupper til å undre seg over alt det magiske som er og skjer rundt oss, høgt og lågt, i naturen gjennom årstidene! (Rp17, Kropp, rørsle, mat & helse. Nærmiljø og samfunn. Natur, miljø og teknologi).

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- Være mykje i lag med dyra og fiskane våre. I Troll-lia har vi og høner og kaninar. Barna skal få kome tett inn på dyra og få hjelpe å ta vare på dei ved stell, gi dei mat og mykje kos. Både Troll-myra og Troll-lia har fiskar i akvarium og barna får vere med på å mate desse.
- Ta med typiske inne-aktivitetar ut, som til dømes å bruke tradisjonelle og moderne eventyr som innfallsvinkel. Vi tek med oss tursekks der vi blant anna kan finne fram bøker, figurar, songar, postløype m.m. når vi er ute på tur (Kommunikasjon, språk og tekst).

- La barna få lære om dyr og insekt i vårt miljø, kva dei lev av, kvar dei bur og korleis dei meistrar ulike utfordringar gjennom årstidene. Utvikle barnas evne til undring, empati og sosialkompetanse (Natur, miljø og teknologi, mengd, rom og form, etikk, religion og filosofi).
- Gå på «skattejakt» i naturen, bruke det vi finn til å lage kunst av naturmateriale. Gjenskape temaene våre både inne i barnehagen og på tur (Kunst, kultur og kreativitet).
- Bruke naturen til å leggje til rette for leik, tilpassa barnas alder. Naturen er ein naturleg leikeplass for barn, vi vil då la dei skape sin eigen leik gjennom fantasien og støtte den.
- Lage mat etter årstidene og det vi haustar i naturen, som kan være blant anna bær, frukt og fisk (frå jord til bord).

LEIK, LÆRING OG RELASJONAR

I følgje Barnehagelova §2 heiter det at barnehagen «skal gi barn grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskapar og ferdigheter.»

For barn i barnehagen er opplevingar ein viktig faktor når det gjeld læringsforløp. Vi må derfor gi rom for at barna får oppleve og assosiere på sin egen måte i forhold til tema vi jobbar med i barnehagen. Dette heng sterkt saman med barns medverknad.

Leiken er den viktigaste arenaen for læring, og derfor må barna få mykje tid til eigen leik. Dei styrte aktivitetane vert brukt som inspirasjon og utgangspunkt for barna sin leik. I den styrte leiken får barna øve seg på sjølvregulering, der den vaksne er igangsetjar og veiledar, og dei får prøve det ut i den frie leiken der dei bl.a. må tilpasse seg andre barns ønsker og innspel, og avpasse bevegelsar etter fysiske rammer i omgivnadene.

Personalalet skal vere observante på barna sine læringsprosessar, og ta utgangspunkt i deira interesser, slik at ein kan stille spørsmål, undre seg og finne svar saman. Dette er igjen med på å styrke barnet si sjølvoppfatning, noko som påverkar barnet sin motivasjon, interesse og læring.

Leiken er fundamentet i barnehagepedagogikken, og står sentralt i barnehagekvarden. Personalalet legg til rette situasjonane slik at barna lærer gjennom leiken, gir påfyll til leiken gjennom nytt materiale, ny kunnskap og nye opplevingar.

Leiken er viktig for utvikling av barnet sin basiskompetanse, då den i stor grad består av kommunikasjon og sosialt samspel. Gjennom leiken overfører dei større barna trekk i barnekulturen til dei som er mindre.

Personalalet skal gi den frie leiken nok tid, og tilretteleggjar leikemiljøet for barna. Det må vere trygt, og personalalet må vere gode rollemodellar. Leiken skal ha plass i det daglege. I leiken utløyser ein barna sin naturlege spontanitet, fantasi, nysgjerrigkeit og skapartrong. Den fysiske leiken legger grunnlaget til å forstå kroppsspråket og dei teikna som kroppen signaliserer ved munnleg kommunikasjon.

Leiken sitt kjenneteikn er at den er frivillig. Leiken er ”på liksom”, og barnet velgje sjølv om det vil delta.

I leiken prøver barna ut erfaringar, dei bearbeidar opplevingar, og å utvikle tankar. Gjennom leik frigjer barna egne krefter, evner og anlegg. Leiken er ein viktig faktor for språkutviklinga, dei sosiale og fysiske ferdighetene og sjølvoppfatninga. Barna utviklar sin eigen fantasi ved å lære av andre, og evna til å sette seg inn i andre sin situasjon, er grunnlaget for empati og sosial kompetanse. Vi vaksne skal vere aktivt deltagande, observere og vere anerkjennande.

Nokre viktige læringsprosessar i leiken kan være:

- Å dele.
- Å vente på tur.
- Å samarbeide og løyse konfliktar.
- Å bry seg om andre, vere inkluderande, verte trygg på seg sjølv.
- Å utvikle språk, motorikk, fantasi, kreativitet og intellektuelle ferdigheter.

To hovudområde peikar seg ut:

- Utvikling av sosial kompetanse.
- Utvikling av språk og kommunikasjonsevne.

Leiken er ein naturleg veremåte for barn og er deira viktigaste aktivitet og uttrykksform. Leiken handlar om å ha det bra, føle glede og lykke. Leiken er på barns premissar, og gir eit rikt rom for barns medverknad. Gjennom leiken utviklar barn seg sosialt, motorisk, språkleg og kognitivt.

I Trollbarnehagane skal personalet støtte opp om leiken, slik at barna får utvikle seg i forhold til sitt utviklingsnivå. Her utviklar det blant anna evna til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar, på grunnlag av det dei erfarer. Barna skal lære å ta vare på seg sjølv og kvarandre. For å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunnande val, treng barn moglegheit til å utvikle kunnskapar og ferdigheter i samvær med andre. Å oppleve meistring i samspel med andre, er ein viktig del av kvardagen.

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- La barna få medverke i både frileik og styrt leik.
- Jobbe for at alle borna skal få vennskap og gode relasjonar gjennom leik.
- La barna få oppleve læring gjennom leik.
- Ha gode, trygge og engasjerte vaksne i leik og relasjonar.
- La barna få eit breddt leikerekertoar og oppleve meistring og tilhørighet.
- Ha gode pedagogiske leikeverktøy som barna kan nytte seg av.
- Leggje til rette for gode og trygge opplevingar som styrkjer barnet i vidare utvikling.

SOSIAL KOMPETANSE

Barna skal fungere i eit sosialt samspel med andre. Sosial kompetanse handlar om å lære å omgå andre menneske. Personalet skal støtte barna til å omgå kvarandre på ein positiv måte. Barna skal lære å respektere og tolerere kvarandre.

Barn lærer å forhalde seg til andre i leik og samspel. Personalet skal vere tydelege rollemodellar i kvardagen gjennom haldningar og handlingar

Personalet skal vere bevisste det som skjer blant barna og hjelpe og støtte til å bli med i leiken. Alle barn skal være inkluderte og det er personalet som skal legge til rette for at det skal skje.

Det å være ute i naturen gir oss god plass og god tid til å fremje alle barna si sosiale kompetanse, inkludert risikobarn og barn med spesielle behov. Nokre pedagogiske opplegg vi bruker i barnehagen for å blant anna fremje sosial kompetanse, kan vere «Steg for steg», «Psykologisk førstehjelp», «Være sammen».

Sosial kompetanse kan delast inn i 5 områder:

EMPATI OG ROLLETAKING	Kjenne att andre sine kjensler. Sjå andre sitt perspektiv. Gå inn i ei anna rolle. Vise empati, innleving, omtanke, medkjensle i høve til andre.
PROSOSIAL ÅTFERD	Hjelpe og støtte kvarandre. Gjere gode ting mot kvarandre.
SJØLVKONTROLL	Kjenne eigne kjensler, vise dei og ha kontroll over dei. Lære å beherske seg, kontrollere handlingane sine.
SJØLVHEVDING	Seie ifrå, ta ordet, seie si mening, vente på tur, ta eigne val og stå for dei.
LEIK, GLEDE OG HUMOR	Ha det kjekt ilag, glede seg over det eg/andre får til. Forstå/tole spørk, vits.

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å kunne fungere godt i lag med andre.

Personalet i Trollbarnehagane vil jobbe aktivt med å lære barna å ta perspektiv og initiativ i det sosiale fellesskapet. Personalet skal leggje til rette for at barna skal oppleve sosial meistring, oppleve å være betydnings full og verdsett i fellesskapet. Det er her barna skal lære dei sosiale normene og erfare å vere i positivt samspel med barn og vaksne. På denne måten vil barna lære å sette eigne grenser og respektere andre sine grenser.

Personalet skal fremje vennskap og i lag med barna jobbe for å førebyggje mobbing og diskriminering.

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- Ha deltagande, gode, trygge og sensitive vaksne, som er gode rollemodellar.

- Dele barna i små leikegrupper.
- Bruke pedagogiske verktøy som rettleiar barn.
- Jobbe for at barna får ein venn og skapar andre vennskap.
- Jobbe for at barna føler tryggheit og tilhørigkeit i barnegruppa.
- Sikre ein god og trygg overgang til storbarnsavdeling og skulestart.
- Sikre trygge og gode avdelingar.
- Ha pedagogisk planlagde samlingar.
- Ha fokus på språklæring og kommunikasjon, vaksne som oppmuntrar barna til å uttrykke eigne meininger og behov.
- Personale som oppmuntrar barna til å tru på seg sjølv.
- Personale som viser tydeleg interesse og tek hensyn til det barna seier og gjer.

VOKSENROLLA

Den viktigaste ressursen når det gjelder kvalitet i barnehagen er personalet som arbeider der. Trollbarnehagane har utarbeida eige kompendium til personalet ut i frå Jan Spurkeland sin teori om relasjonsledelse og relasjonspedagogikk. Betydinga av personalet sin kompetanse, arbeidsglede, engasjement, evne og vilje til å utvikle sitt arbeid i kvar dagen, og haldningane deira, kan neppe overvurderast. Ingen materielle ressursar kan erstatte dette.

Rammeplanen stiller krav til personalet i barnehagen– og dei må fungere godt saman og kvar for seg for å nå dei ulike måla.

For å nå desse måla/krava må personalet lære kvarandre godt å kjenne. Det viktigaste er korleis vi håndterar medmenneske- små og store. Personalet skal vise relasjonelt initiativ, ha relasjonelt mot, og ha relasjonell energi (Jan Spurkeland).

Med sjølvinniskt og bevistgjering i forhold til eigen kapasitet, kan vi utnytte våre sterke sider. Dette gir eit godt grunnlag for arbeidsglede og eit godt samarbeid med hjerte for barna og kvarandre <3 .

Personalet skal vere aktive deltagarar og gode relasjonsbyggjarar, noko som gir godt psykososialt miljø. Barna skal føle seg betydningsfulle og personalet skal finne styrken til kvart enkelt barn.

Personalet skal bli kjent med 24-timers barnet/familien <3

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- Møte barna med varme, kjærleik og respekt. Vere nær barnet, slik at barnet føler seg betydningsfull og verdsett samtidig som ein set tydelege grenser.
- Tid til alle og la alle bli møtt på en god måte, vere interessert – få medverke.
- Bygge gode relasjonar mellom barna, vere gode rollemodellar (spegle seg).
- Veilede og hjelpe barna til å løyse konflikter, lære empati osv..
- Vere tilstades både mentalt og fysisk gjennom heile barnehagedagen.
- Fordale oss for det beste for barna både inne og ute.
- Delta aktivit i leiken, undre oss ilag, finne løysingar ilag, utforske og lære nye ting.
- Vi skal oppdage ressursane til det enkelte barna og til gruppa.
- Fremme likestilling, demokrati, lære om menneskeverd/rettigheitane.


- Ha hjerte for små og store <3

«Være Sammen»:

«Være sammen» er eit pedagogisk program som er utforma for barn og vaksne i barnehagen med fokus på relasjonsbygging og sosial kompetanse. Målet er å være ein barnehage med varme og grensesettande vaksne i samspel med medverkande barn. Å heve kompetansen til personalet i barnehagen med fokus på tidleg innsats, er viktig for å hindre og begrense at barn og unge får eit negativt lærings- og utviklingsforløp. Personalet skal støtte barnet i å sette ord på eigne følelsar, vere medverkande og utvikle evne til empati, inkludere og samarbeid i det sosiale sampelet med andre barn og vaksne i barnehagen.

Regnbueløva har ei sentral rolle i «Være sammen». Regnbueløva er med på aktivitetar og formidling av ulike tema vi jobbar med. «Være sammen» har utarbeid mykje materiell bla. musikk, bøker, samtalekort, spel m.m. som støtter personalet i dette arbeidet.

Den autoritative voksen stil er eit grunnleggande prinsipp i «Være sammen». Det betyr i praksis at den vaksne skal vere ein varm relasjonsbygger til barnet og utøve tydelege krav og grenser. Den varme og grensesettande vaksne arbeidar bevisst med å utvikle gode relasjonar til barnet og viser ei aksepterande haldning. Atmosfære skal vere prega av varme og tillit. Dei vaksne har respekt for barnets autonomi og fremjar demokratiske prinsipper. Dei gir rom for det medverkande barnet, samtidig som ein har klare forventningar til barnet



INKLUDERING/MANGFALD, LIKESTILLING OG MOBBING

«Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering» (Barnehagelova §1.)

Dagleglivet skal pregast av vaksne som lyttar, støtter og utfordrar barna. Personalet skal fremme positive handlingar som motverkar avvisning, mobbing og vald. Barna skal få oppleve at dei sjølv og alle i gruppa er inkluderte i fellesskapen. Vi skal vere helsefremjande og utjevne sosiale skilnadar. Barna skal føle seg verdsatt og inkludert. Barna skal møte anerkjennande og kompetent personale som bidreg til at ditt barn skal få kjensle av å bli sett og hørt. Ditt barn skal lære å fremme respekt for menneskeverdet, alle er unike og må behandlast med respekt og rettferd.

Likestilling mellom kjønna må kome tydeleg fram i arbeidet vårt. Barn utforskar heile tida nye roller og ny åtferd. Barna dannar seg førestillingar om kva som passar seg for jenter og gutter ut frå reaksjonane og haldingane frå oss vaksne og andre barn. Nestekjærleik, solidaritet, toleranse og respekt er grunnleggande verdiar i barnehagen. Barna skal oppleve varme og kjærleik. Å leve seg inn i situasjonen til andre menneske vil bidra til å utvikle solidaritet og toleranse for medmenneske. Mobbing i barnehagen handlar først og fremst om å stengje born ute av leiken og felleskapet, og det er ei negativ atferd mot eit anna barn som er gjentakande over tid. Forsking viser at gutter er meir verbale og direkte i sin trakassering (erting, latterliggjering, truslar osv.), medan jentene ofte gjer det meir i det stille (avvisning, kviskring, utesetjing osv.). Personale må ha kunnskap om mobbing, for å kunne motarbeide alle former for krenking og diskriminering.

Barnehagelova er ei lov som seier at barna skal ha eit godt og trygt psykososialt barnehagemiljø. Der står mobbing beskrevet som eit av fleire eksempel på krenkelsar mot barn. Barnehagelova skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Personalet skal følgje med at barna har det bra. Ser ein nokon som ikkje har det bra, blir mobba, plaga, krenka på nokon måte, skal en alltid:

- gripe inn og stoppe krenkelsen.
- seie ifrå til styrar i barnehagen.
- undersøke kva som har skjedd.
- sett inn tiltak, lage ein plan.

I alvorlege tilfelle må styrar melde ifrå til eigar. Eksempel på alvorlege tilfelle:

- saker som er særvaldelege.
- fleire barn er involverte i mobbing/utesetjing av eit barn.
- krenkingar over tid der ikkje barnehagen har greidd å løyse saka.

Om foreldre eller barnet sjølv seier at det ikkje har det bra så skal personale/barnehagen alltid undersøke dette nærmare.

Herøy kommune har utarbeida ein plan for trygt og godt barnehagemiljø. Dette heftet eit godt arbeidsverktøy for personalet i Trollbarnehagane.

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- Synleggjer mangfaldet i familiane til kvart barn på avdelingane.
- Representere landa med flagg på avdelinga.
- Markere blant anna nasjonaldagar, bursdagar og samefolkets dag.
- Lytte, anerkjenne og glede oss over barnet sine interesser og ynskjer.
- Reflektere rundt haldningar kring likestilling ilag med borna og personlege haldningar.
- Jobbe for at barna skal føle seg inkluderte i leik og samspel med born og vaksne.
- Mobbing skal oppdagast, handterast og følgast opp av vaksne i samspel med borna.
- Ta vare på barnets spontanitet og nysgjerrigheit over likskap og ulikskap.
- Gje ditt barn variasjonar i opplevingar, samt skape nye erfaringar gjennom leiken i fellesskap.

SPRÅKUTVIKLING

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald.

Målet med å arbeide med dette fagfeltet, er at borna skal vidareutvikle sin begrepsforståing, og få eit variert ordforråd. Her er det viktig å få varierte og rike erfaringar, for å utvikle eit godt munnleg språk.

Språk er viktig for å kunne uttrykke følelsar, ønskjer og erfaringar. Språk skaper positive relasjonar og støtte i å løyse konfliktar.

Vi skal vere bevisste vaksne, og vere med på å styrke borna sitt språk og begrepsslæring, vere gode rollemodellar, og vere tilstades i alle situasjonar. Vi legg vekt på gode samtalar, leik med rim og regle, lese eventyr, dramatisering og song. Å kunne tolke andre sitt kroppsspråk og forstå ulike situasjonar, er en viktig del av språkutviklinga.

Språkløyper:

Språkløyper er en nasjonal strategi for språk, lesing og skriving igangsett av kunnskapsdepartementet.

Daglege aktivitetar som å lese bøker, forteljingar, song, rim og regler fungerer godt som språkstimulerande aktivitetar.

Ask:

Alternativ supplerande kommunikasjon er å kommunisere ansikt til ansikt på andre måtar enn med tale. ASK kan være

- Ei erstatning for tale.
- Ei støtte til å utvikle tale.
- Eit supplement til låg eller utsøydeleg tale.

Ask er barnet sitt språk og ein måte å uttrykkje seg på.

Det er ulike årsaker til at barn har behov for ASK. Det kjem an på kva kommunikative, språklege, motoriske og kognitive ferdigheter dei har.

Vi nyttar grafiske symbol i tematavler, dagtavler og kommunikasjonsbøker på avdelingane. Enkeltståande grafiske symbol er lette å bruke for å benevne ord eller ting i kvardagen. Det er også viktig at personalet bruker det vi har og kan av mimikk, kroppsspråk, lyder, gestar, ulike handteikn i tillegg til peiking på grafiske symbol i kommunikasjonen.

Trollbarnehagane bruker ask symbol dagleg gjennom bl.a. dagtavle, tematavler og valgtavler både inne og på uteleikeplassen.

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane;

- Jobbe med visualisering av ord og innhold.
- Bruke bilde som støtte for ord, t.d. i songar og å synleggje innhaldet i eventyr og forteljingar ved at vi bruker dokker, figurar for å dramatisere, og såleis vise innhaldet (t.d ASK. «Snakkepakken», «Språkløyper» osv.).
- Ha språkgrupper fleire ganger i veka. Her vektlegg vi å gi barna som har behov for ekstra trening, tid og rom i mindre grupper.
- Stimulere både verbal og ikkje verbal kommunikasjon (teikn, kroppsspråk, blikk).
- Gi alle barn positive opplevingar ved bruk av språk, undre, uttrykke egne behov.
- Støtte barn med kommunikasjonsvanskår.
- Bidra til at språkleg mangfald vert positivt for heile gruppa, gi støtte til fleirspråklege i bruk av morsmål og utvikling av norsk språkleg kompetanse.

OMSORG, VENNSKAP OG FELLESSKAP

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». (Barnehagelova §1.)

Barn er avhengige av eit godt omsorgsmiljø, der dei føler seg trygge, sett og tatt godt vare på. God omsorg er grunnlaget for god utvikling og læring, tryggleik og ein følelse av å vere ønska og satt pris på, er noko av det viktigaste personalet vårt kan formidle til barna. Dette er med på å skape trygge, sjølvstendige barn med godt sjølvbilete.

Omsorga kan vere ulik alt etter barn, alder osv. Det kan vere eit fang å sitte på, ein klem, trøyst når ein slår seg eller tydeleg grensesetting.

Ein stor del av omsorga handlar om å anerkjenne barn sine førelsar, ved å lytte og vise interesse for det barna har å fortelje oss. Personalet må vise barna respekt og tiltru. Det skal alltid være vaksne i nærliken som er responsive og tek seg tid til å dele barna sine tankar og førelsar. Barna skal føle seg trygge og godt ivaretatt. Personalet skal balansere omsorg og rausheit med faste rammer, og være ein autoritativ vaksen.

I Trollbarnehagane skal omsorg prege alle situasjonar i kvardagslivet. Omsorg handlar om alle relasjonane, vaksen-barn og barn-barn. Det å kunne vise og gje omsorg er viktig

å lære og oppleve. Personalelet skal vise og gi barn omsorg, samt være ein trygg og god voksen som er ansvarsbevisst i alle situasjonar. Personalelet skal være engasjerte i barnets trivsel og utvikling i barnehagen. Personalelet skal aktivt leggje til rette for gode omsorgsfulle relasjonar, som gir grunnlag for tryggheit, trivsel, glede og meistring for barna.

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- Leggje til rette for at alle barn skal bli sett og høyrt.
- Ha vaksne med hjerte for barna.
- Skape relasjonar mellom barn og vaksne og mellom barna som pregast av varme, kjærleik, lydhørighet.
- La barna få og gi ein klem.
- Gje trøyst og oppmuntring når det trengst.
- Møte barn og vaksne i garderoba kvar dag når det kjem i barnehagen, av ein trygg og omsorgsfull voksen som ser barnet.
- Gje barnet eit fang å få kos og trøyst på barnet sine premissar.

DANNING

Danning er det som skjer i barnet sitt samspel med omverda. Det er ein livslang prosess, og for at den skal kunne utvikle seg treng ein refleksjon. For gjennom danning overførast verdiar, normer, tankar, handlings- og utrykksmåtar.

Barna er aktive deltagarar i eige liv, og personalelet skal rettleie og samtidig respektere deira eigenverdi og sjølvstendigkeit.

Det er viktig å kunne sjå ting i samanheng for å kunne reflektere og rettleie.

Gjensidig respekt og tryggheit må vere tilstades for at danning kan skje. Danning skjer utifrå barnehagen sitt verdigrunnlag, dei vaksne sine erfaringar/holdningar, og i nær dialog med heimen.

Danning handlar om å utvikle verdiar og haldningar ilag. Barn skal anerkjennast som eit sjølvstendig menneske, med kjensler og tankar i ein felles prosess. For at Trollbarnehagane skal kunne gje ein god danningsprosess, vil vi gje ditt barn vaksne som er gode samtalepartnarar, handlingsparnarar og rettleiarar. Dette vil gje barnet ditt god sjølvkjensle, som gjer at det betre kan forstå seg sjølv og andre.

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- La barna få vite at det er viktig.
- Ta barna på alvor, og la det oppleve bli sett og høyrt.
- Gjere barna merksam på at DET er viktig i fellesskapet vårt.
- La barna få vere med å bidra. Vere dagens hjelpar, bursdagsfeiring, dekke på og av bordet, lage mat, rydde m.m.
- Ta barna sine tankar og kjensler på alvor.
- Gje barna oppgåver som det meistrar og opplever meistringsglede av.

LIVSMESTRING OG HELSE

Trollbarnehagane skal være ein trygge og gode plass for alle barn, der barna kan vere seg sjølv. Kvar dag vil eit kompetent og engasjert personale jobbe for at barna skal føle seg trygge og at dei skal fungere godt i sosialt samspele med andre. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjend med sine egne og andre sine kjensler. Barna skal lære å utvikle god sjølvinnnsikt og sjølvkjensle, samt få hjelp og støtte i å ta gode val. Barna må lære seg å lytte til og respektere kvarandre. Eit trygt barn som er omgitt av gode relasjonar vil ha gode forutsetningar for å takle opp- og nedturar. Ein må setje grenser på ein tydeleg og god måte. Eit robust barn er eit barn som får ansvar, trua på seg sjølv, samt utfordringar basert på deira utvikling.

Æ e mæ:

I Trollbarnehagane jobbar vi med eit verktøy som kallast «Æ e mæ». Dette er eit hjelphemiddel for å forebygge vold og overgrep. Her gir vi rom for å snakke om gode og vonde følelsar. Vi samtaler og leker for å bli kjent med kroppen vår og for å bli kjent og trygg på eigne og andres grenser. Vi samtaler om gode og vonde hemmelegheiter. Aktivitetar er tilrettelagt for alle alderstrinn.

Du kan lese meir om dette på aemae.no

Kokk:

I Trollbarnehagane har vi eigen kokk som er annankvar veke i kvar av barnehage. Her er det fokus på variert og næringsrik mat. Ulike smaker, lukter og konsistensar. Vi følgjer helsedirektoratet sine retningslinjer for måltid i barnehagen.

Personalelet brukar måltidssituasjonar til samtale og undring- og måltidet skal være ei positiv oppleving. Kokken følgjer årstid og tema i barnehagen, og serverer frukost, lunsj og ettermiddagsmat. Bursdagsbarn får velje ut ifrå eigen meny- kva dei ønskjer. Kokken har eige fiskeprosjekt med førskuleborna/russane. Her blir det eige opplegg der det blir presentert ulike artar som fins i havet.

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- Ha gode trygge vaksne som anerkjenner og ser barna.
- Praktisere nulltoleranse for mobbing.
- La barna lære å respektere andre og oppleve respekt og toleranse.
- La barna lære å lytte og ha interesse for andre.
- Lære barn å dele.
- Gje barna dagleg fysisk aktivitet.
- Gje eit sunt og variert kosthald.
- Leggje til rette for ei pause i kvardagen, ha kvilestund/sovetid.
- Sikre god psykisk helse – gjere barna gode på å bygge relasjonar.
- Lære å sette grenser for eigen kropp samt forebygge overgrep.

DEMOKRATI

Økt mangfold og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikheit og positive haldningar til å leve i lag i fellesskap. Gjennom å delta i trollbarnehagen sitt fellesskap, skal barna få moglegheit til å utvikle forståing for samfunnet og den verden dei er ein del av.

Trollbarnehagane skal fremme demokrati og ha eit inkluderande fellesskap

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- Fremje demokrati og deltaking.
- La barna bli deltakarar i eit demokratisk samfunn.
- Lære barna å bli demokratiske, ta i bruk en demokratisk rolle på ein god måte, slik dei sjølve kan tenkje og bli gode demokratiske borgarar.
- Demokrati heng tett i lag med barns medverknad, kvar dag skal barna få påverke sin barnehagekvardag, ved å for eksempel få velje kva dei vil leike med.
- La barna få moglegheit til å ta val, men også lære å ta ulike val.
- La barna få kjennskap til landet vårt og at vi lever i eit demokratisk samfunn.

BÆREKRAFTIG UTVIKLING

Trollbarnehagane skal lære barna å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Vi skal gje det ei byrjande forståing for betydninga av berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold, og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Derfor vil det alltid vere ein grunn til å la barna få moglegheit til å bli glade i naturen medan det går i Trollbarnehagane. Personalaet i Trollbarnehagane har ein viktig oppgåve i å fremme verdiar, holdningar og praksis for eit meir bærekraftige samfunn.

I Troll-lia har vi miljøstasjon med brukte kle som er tilgjengelig for alle som går i Trollbarnehagane. Her er det berre å kome å sjå å plukke med seg det ein vil ha. Kan levere inn kle i Troll-myra og Troll-lia Ta kontakt med personalaet om du lurer på noko.

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- Gje barna gode naturopplevelingar i barnehagen som fører til at dei seinare i livet ønsker å verne om den.
- Lære barna å være miljøbevisst.
- Lære barna å evne til å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet.
- Gje barna erfaringer med å gje omsorg og ta vare på omgivelsane og naturen.
- Lære barna at for samiske barn betyr dette å leve i samklang med naturen, nyttiggjere seg av og hauste av naturen.

- La barna få naturopplevingar, verte kjent med naturens mangfald, og oppleve tilhørighet til naturen.
- Bruke prosjekt som til dømes fiskesprell og frå jord til bord.
- Dyrke grønnsaker og lage mat frå sjøldyrka grønnsaker.
- Følge endringane i naturen under dei ulike årstidene.

BARN MEDVERKNAD

Barns medverknad skal vere fletta inn i alt vi gjer. Barnehagelova §3 seier at; «barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.» *Barnekonvensjonen seier at «retten til å bli høyrt oppfyllast ikkje i det øyeblikket ein voksen låner øyret sitt til eit barn. Den oppfyllast når den vaksne tar det barnet har sagt på alvor og lar det påverke planer og praksis.»* For å styrke barn sin medverknad, må vi heile tida vere bevisste på å skape ein arena der alle barn kan vere med å påverke kvardagen sin. Retten til å uttrykke seg gjeld alle barn!. Barna skal ikkje få meir ansvar en dei er rusta til å ta, og det den vaksne sitt ansvar å tilpasse dette.

I arbeid med dette skal Trollbarnehagane:

- Ved å være autoritative vaksne, møte barna med varme, støtte og omsorg og være sensitive for barnets behov.
- Kommunisere på barna sine premisser, gjennom lydar, kroppsspråk og verbalt.
- Oppmuntre barna til å gi uttrykk for eigne meningar, og møte anerkjenning og støtte når dei undrar seg og stiller spørsmål.
- Gi barn jevnlig mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

BARN MED SÆRSKILTE BEHOV – TIDLEG INNSATS

I Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver, beskrivast verdiar som er grunnleggande i pedagogisk arbeid: fellesskap, omsorg og medansvar.

Barnehagemiljøet skal bygge opp om respekt for menneskeverd og retten til å være forskjellige. For å synleggjere slike sentrale verdiar og prinsipp stillast det krav til personalets kompetanse og refleksjon over eigne verdiar og handlingar. Målet med inkludering er ikkje likskap, men variasjon og respekt for ulikskap, som igjen er en forutsetning for demokrati. (Temahefte om barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen).

Kven er barna med særkilde behov? Det er barn med nedsatt rørsleevne, syn, hørsel, nedsett kognitiv funksjon, ulike funksjonsnedsettelser pga. allergi, hjerte og lungesjukdom, skade eller avvik i sosiale, kognitive, psykologiske, fysiologiske, eller biologiske funksjoner, skade på ein kroppsdel, eller ei ein av kroppens funksjoner. Det

kan vere tilpassingsvanskar, lærevanskar, manglende sosial integrering. Periodiske eller varige utviklingshindringar.

Barn med nedsett funksjonsevne er først og fremst barn med eigne meininger, følelsar og moglegheiter. Dei har rett på tilrettelegging ut i frå sine behov.

I arbeidet med dette skal Trollbarnehagane:

- Vere opptekne av tidleg innsats. Med det meiner vi at vi skal fange opp og følgje dei som treng ekstra hjelp og støtte tidlegast mogleg. Då må vi identifisere vanskars mens borna er små då det er viktig for å kunne sette inn fagleg hjelp og støtte.
- Ha smågrupper, leikegrupper, naturløyper og språkgrupper der vi legg opp til språkfremjande aktivitetar. Dette er noko som vi er innom nesten dagleg. Det er viktig å gje borna gode og positive opplevingar ut i frå sin ståstad.
- Samarbeide med instansar som PPT, barnevern, helgestasjon etc. I mange tilfeller er barnehagetilbudet i seg sjølv tilstrekkelig for å sikre ei tilfredsstillande utvikling. Eit tett samarbeid med heimen er veldig viktig for oss.
- Bruke ASK i barnehagekvardagen.

SAMARBEID HEIM-BARNEHAGE-SKULE

Formålsparagrafen (Barnehagelova §1.) seier at «barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståelse og samarbeid med barnas heim.»

Vi har eit felles ansvar for barnet sin trivsel og utvikling. Målet er å etablere eit godt forhold basert på gjensidig tillit og openheit. Kommunikasjon er her avgjerande og vi forventar av foreldra at vi får informasjon der vi blir kjent med 24-timers barnet.

Vi har fleire arenaer der vi møtast og kan sikre dette:

Oppstartsamtale, og velkomstmappe:

Alle får utdelt velkomstmappe med litt informasjon om barnehagen, avdelinga osv. Vi har oppstartsamtale etter 2-3 veker, med eige skjema

Dagleg kontakt ved henting og bringing i barnehagen:

Kvar dag vert barn og foreldre møtt i garderoba. Då vert beskjedar og anna viktig informasjon utveksla. Ved henting fortel personalet/barnet litt om barnehagedagen.

Kid-plan:

På kid-plan appen legg pedagogane ut all informasjon de treng om månedsplan, månadsplan, planleggingsdagar, div info, bilder frå barnehagekvardagen, bilder og tekst frå dagen i dag m.m. Vi lagar plan over månaden som viser satsingsområde, tema og ulike aktivitetar, samt praktisk informasjon som skal skje framover. Kvar avdeling lagar sin eigen plan. Fagområder som ein jobbar med er her tydelege.

På kid-plan finn de alt planverk for barnehagen, som årsplan og langtidsplan.

De får link til pålogging med personalet på di avdeling. Ein del info får dykk også på epost.

Foreldresamtaler:

Vi har foreldresamtaler 2 gongar i året. Dette skal vere ei tovegs samtale, der ein utvekslar informasjon/observasjonar om barnet, event. tiltak som skal settast i gang. I Trollbarnehagane bruker vi to observasjonsverktøy. Det er «Alle Med» og «Tras» (tidleg registrering av språkutvikling).

Vi samarbeidat med helsestasjonen om 4 års kontrollen, «Trygg og klar». Ein kan sjølvsgatt be om samtale utanom også.

Facebook og Instagram:

Barnehagen har eiga facebook og Instagram → **Trollbarnehagane**

Her deler vi glimt frå ein barnehagekvardag gjennom tekst og bilder (utan ansikt).

Foreldremøter:

Vi har foreldremøter 2 gonger i året, haust og vår. Dette er for alle foreldra i barnehagen. Ulike tema, samt informasjon.

Brukarundersøking:

Med jamne mellomrom har vi ute brukarundersøkelsar som skal besvarast anonymt. Svara vil hjelpe oss i det vidare arbeidet i barnehagen, og kva vi kan verte betre på.

Sosiale samankomstar:

Vi møtast i ulike sosiale samankomstar, for å være ilag. T.d sommar/julefest, haustkos, påskefrukost og liknande.

Foreldreråd og deira funksjon:

- Foreldrerådet består av alle foreldre som har barn i barnehagen vår, dei er med i kraft av si stilling som foreldre/føresatt.
- Dei skal fremje samarbeidet mellom heim og barnehage. Ved avstemming i foreldrerådet, vert det gitt ei stemme for kvar frammette.

Foreldregruppa/styret:

- Foreldrerådet vel 1 personar frå foreldra, som utgjer barnehagen sitt styre/foreldregruppe.
- Dei har til oppgåve å fremje samarbeidet mellom heim-barnehage, arrangere eventuelle sosiale arrangement o.l.

Samarbeidsutval:

- I samarbeidsutvalet sit 2 frå foreldrestyret, 2 frå eigar og to frå dei tilsette.
- Utvalet sine oppgaver er bl.a. å godkjenne barnehagen sin årsplan.
- Styrar har møte, tale og forslagsrett. Styraren har ikkje stemmerett, med mindre vedkomande er valt som medlem.
- Skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.
- Skal verte førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktig for barnehagen sitt innhald, verksemda og forholdet til foreldra. Slike saker kan bla. vere budsjett, driftsendringar og utnytting av areal.

Ny i barnehagen (tilvenning):

Når eit barn får tilbod om plass i barnehagen er barnet og foreldra velkomne til å besøke avdelinga. Personalet ringer for å avtale tid.

Når barnet byrjar i barnehagen, prøver vi at ein fast vaksen har ansvaret for barnet i byrjinga.

Den som er med barnet første dagen, bør ha tida til å vere der heile tida og den første dagen er dei som regel ikkje lenger enn 1-2 timer.

Alle foreldre får tilsendt skriv om tilvenning og ein får utdelt velkomstmappe med diverse info første dagen i barnehagen.

Løyvelister fyller de ut på kid plan.

Overgang mellom avdelingane:

Vi brukar lang tid på å forberede barna på å bytte avdeling. Når barnet er ferdig på 0-3 års avdeling, skal alle over til ei større 3-6 års avdeling. Personalet passar på at alle får med seg venner over på den nye avdelinga og barna er på tilvenning saman med trygge vaksne slik dei skal få ein trygg overgang. Det er sjølv sagt lov å besøke «gamle» avdelinga si.

Overgang barnehage-skule:

Rammeplan for barnehagen seier at vi skal gi eit heilheitleg tilbod, til det beste for barnet. Samarbeidet i overgang til skule vert derfor viktig, og det er utarbeida eigen handlingsplan for overgang barnehage-skule i kommunna.

Fokuset på samarbeidet skal rettast mot kva barnet kan og meistrar, og om barnet event. treng særskilt støtte på enkelte område.

I barnehagen skal vi hjelpe til med overgangen slik at det vert noko barnet ser fram til og gled seg til. Vi skal hjelpe barna å utvikle ferdigheter og kunnskap som kan vere nyttige å ha når ein startar på skule. Vi vil legge til rette for at barna kan få ein byrjande forståing for tal og bokstavar, men omgrep og sosial trening vert framleis det viktigaste.

Vi har eige opplegg for «russane» i barnehagen.

Prosedyre for overgang frå barnehage til skule:

DATO/ TIDSPUNKT	TILTAK/ SAMHANDLING	ANSVAR	DOKUMENT
September	Foreldremøte i barnehagen med førskulegruppa. Tema førskuleåret i barnehagen og overgangsarbeidet saman med skulane.	Barnehagen	

September – oktober	<p>Rektor på mottakarskule vert innkalla som fast medlem i ansvarsgruppa til barn som har dette.</p> <p>Barn med store og samansette behov, der skulen treng fysisk tilrettelegging eller kompetanseheving i personalet, skal ein varsle skulen 2 år før skulestart Dette gjeld alle utfordringsbilete både medisinske og pedagogiske).</p>	Barnehagen	
Januar	<p>Barn og foreldre får brev med invitasjon til innskriving i skulen. (Hugs å legge ved innskrivingsskjema)</p> <p>Dersom skulen er i tvil om foreldre treng tolk på innskriving, ta kontakt og gjer avtale i forkant.</p> <p>Rektor gjer eventuelt ny avtale med foreldra dersom det viser seg behov for meir informasjon. (Ein tek ikkje opp eventuelle vanskar barnet har før innskriving)</p>	Skulen	Innskrivings-skjema Rutine for innleige av tolk. Ligg ved høyringa.
Januar	Statusmøte om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning med særleg fokus på barn som skal over i skulen.	Barnehagen, skulen, PPT og oppvekstkontoret.	Statusmøte-agenda Punkt til førebuing
Februar	<p>Rektorbesøk i barnehagane</p> <p>Tema: Informasjon etter statusmøte i barnehagen der skulen må planlegge organisatorisk eller personalteknisk.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barn med vedtak om støttepedagog eller støtte til det ordinære. - Barn med fleirspråkleg bakgrunn som ikkje har aldersadekvat norsk i høve TRAS. - Gruppfokus på dei som skal over i same skule. 	Styrar inviterar rektorane frå skulane barna skal starte på.	
Sluttent av mars	Skulane varslar oppvekstkontoret om samla behov for tilrettelegging for barn med vedtak etter §5.1, §2.8 og støtte i det ordinære.	Rektor	

Mai	Fagsamling barnehagelærarar, 1.klasselærarar og PPT. Tema: Sammenhengen mellom rammeplanen og læreplanen i 1.klasse. Praksisforteljing frå barnehagen og skulen. PPT kan bli invitert til å halde fagleg innlegg.	Avdelingsleiar grunnskule, PPT og avdelingsleiar barnehage.	
Mai/juni	Førskuledag – felles i kommunen. Skulane sender informasjon heim til alle barn. Skulane sender informasjon om møtetidspunkt og innhold til barnehagane.	Rektor ved kvar einskild skule.	
Juni – *før førskuledagen	Overføringsmøte mellom barnehagelærarar og 1.klasselærarar om kvart einskild barn som skal ta til i 1.klasse.	Skulen avtaler med barnehagen.	Overføring av informasjon frå barnehage til skule.
September etter skulestart	Startforeldresamtale 2.skuleveke der foreldra fortel om barnet sitt og seg sjølv (15 min. per barn).	Kontaktlærar ansvarleg for innkalling	Ingen førebuing frå skule, berre lytte ut foreldra sin informasjon.
1.november etter skulestart	Frist for utarbeiding av IOP for 1.klassingar med vedtak om spesialundervisning.	Rektor og kontaktlærar	IOP sikker arbeidsflyt.

KULTUR/TRADISJONAR

«Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gi rom for barn sin eigen kulturskapning og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.», (Barnehagelova §2).

Kultur handlar om arv og tradisjon, om å skape og om å levandegjere. Kultur utviklast i spenninga mellom tradisjonar og fornying. Både lokale og nasjonale kulturverdiar skal vere representert i barnehagen si verksemd.

Barn sitt møte med ulike kulturar og tradisjonar legg grunnlaget for respektfull samhandling mellom ulike etniske grupper.

Personalalet skal vere tydelege modellar og kulturformidlarar gjennom eigen veremåte. Dei skal formidle tradisjonar som skapar tilhøyrigheit, gjennom bøker/litteratur, song og musikk og kreativ verksem. Vi er stolt av kommunen vår, og det skal vise igjen i barnehagen.

Trollbarnehagane har også fått sine eigne merkedagar og tradisjonar. Dette er med på å skape identitet og tilhøyrigheit, og ikkje minst forventningar. Tradisjonane går i arv frå barnegruppe til barnegruppe. Barnehagen er ein viktig kulturformidlar, og denne kulturformidlinga er viktig for barna si identitetsutvikling.

Dette er vår kultur og våre tradisjonar:

Bursdagsfeiring:

Barna sine bursdagar vert markert i barnehagen. Vi heng ut flagg, lagar krune osv
Bursdagsbarnet er i fokus denne dagen, og er med på organisering av feiringa.
Vi vil at barna skal få styrka sjølvkjensla si, og oppleve gleda ved å vere ekstra i sentrum
denne dagen. Dei får velje mellom sunne alternativ til mat denne dagen.

Haustkos:

Foreldre-besteforeldrekkaffi.

Dette er veldig koseleg dag for både store og små, der ein kan ta ettermiddagskaffien i
barnehagen. Sosialt samvære, få vise fram barnehagen sin, ein sosial arena for store og
små.

Julefest/juleverkstad:

I desember er det tid for julefest eller juleverkstad. Barna underheld med program og vi
kosar oss ilag. Festen vert feira på litt ulike måtar på dei ulike avdelingane.
Vi kosar oss ilag.

Nissefest:

Ein av dagane i desember har barn og personale på raude kle i barnehagen. Vi kler oss ut
som nissar, og et nissegraud. Kanskje kjem nissen på besøk? Vi held på med leikar/
aktivitetar, og store og små nissar kosar seg.

Luciafeiring:

Vi pyntar oss med kvite skjorter, Lucia-krone og glitter og stas. Barna held lys eller
stjerne i handa, og vi går i tog og syng Luciasongen, og andre julesongar. Vi inviterar
besteforeldre/foreldre. På førehand har vi baka lussekattar.

Troll-fest og karneval:

I oktober har vi troll-fest, der alle som ønsker, kle seg ut som troll. I februar/mars har vi
karneval. Her er det berre å leite etter kostyme på loft og i kjellar.
Vi spis god mat, pinjata, dansar, syng og kosar oss.

Påskevandring/ påskefrukost:

Dei eldste er med på påskevandring i kyrkja, og har påskesamling.
Vi dekker påskefrukostbord i barnehagen, med masse godt brød og pålegg.
Foreldre er inviterte til å vere ilag med oss.

Nyttårsball:

Då dekkjer vi festbord, pyntar oss og har underhaldning.

Samefolkets dag:

Vi markerer samefolkets dag. Snakkar om det å vere minoritet, lærer om samane sin
kultur og mattradisjonar.

Kongens bursdag:

Vi markerar kongen sin bursdag, vi snakkar om kongen og ser på bilete av han, slottet og diverse anna.

17. mai/andre nasjonaldagar:

Vi markerar nasjonaldagen ved å arrangere mini 17. mai, snakkar om nasjonaldagen vår, går i tog, har leikar og et pølse med grove heimelaga pølsebrød.

Jonsok:

Vi feirar midtsommar, kler oss ut som brud/brudgom, plukkar blomster og har «bryllaup» i barnehagen for alle som ynskjer.

Barnehagedagen:

Vi markerer barnehagedagen som har ulikt tema kvart år.

Vennskapsveka:

Denne veka har vi fokus på vennskap og inkludering.

Brannvern:

Vi har ei varsla og ei uvarsla brannøving.

Kommuna vår (bedriftsbesøk)

Barna skal få kjennskap til kommunen vår, nærområda og kva vi lever av her. Berekraftig utvikling er også i fokus.

Fiskeprosjekt (fiskesprell), frå jord til bord:

Vi skal lære om dei ulike fiskeartane frå vår kommune. Såing, dyrking og innhausting. Tradisjonsrik kost og korleis vi går fram. Eige opplegg med russane i russebuda.

Farsdag/morsdag:

Vi gjer ekstra stas på far/mor eller ein annan omsorgsperson desse dagane.

Verdens Downs syndrom-dag/Rockesokk

Temaet er ulikheit, men alle like mykje verdt. Vi markerar dagen med ulike lestar denne dagen. Dette for å vise solidaritet.

Barneveka i Herøy:

Alle barnehagane i Herøy er saman om å arrangere Kjeldsund for alle rosarussane i kommunen.

Fotballtrøyefredag:

I regi barnekreftforeninga støtter vi saka ved å ha på oss fotballtrøye el.l denne dagen.

Sommarfest:

Ei fin avslutning på eit barnehageår er sommarfest. Barna og ofte personalet, har program. Personalet, barna, foreldre og søsken under skulealder er velkomne denne dagen. Ein fin ettermiddag for små og store. Det blir servert litt å bite i og drikke.

Russetida i Trollbarnehagane:

Russetida i Trollbarnehagane ynskjer vi å gjere til ein spesiell, unik og lærerik oppleving for barna. Der barna får kjennskap til skuleretta opplæring som tall, bokstaver, omgrep, form, mengd, blyantgrep og sjølvstendigheit med meir. Vi vil at barna skal sitte igjen med mange gode opplevingar, der dei har fått delteke i bl.a symjeopplæring, 5 gode gjerningar, 5 på topp fjellturar i nærmiljøet osv. Vi brylukar russabuda som base.

Trollbarnehagane vil vi gje barna kjennskap til naturen og korleis vi skal ta vare på den. Personalet skal fremme verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn. Vidare skal vi fremme gode og sunne matvanar, der eit fiskeprosjekt blir fletta inn som ein del av russeoppleggjet. Vi ynskjer å vidareformidle til barna at naturen har eit rikt utval av god kortreist mat. Her vil vi gje barna kunnskap om ulike fiskeartar, deira levesett og korleis ein lagar god og sunn mat. For at barna skal få mest mogleg ut av prosjektet, vil vi ta turar for å besøke fiskebedrifter i nærmiljøet. Bussane i Trollbarnehagane skal i utgangspunktet brukast til turar oppimot det pedagogiske opplegget som rosarussen har. Trollbarnehagane legg stor vekt på at rosarussen skal glede seg til å byrje på skulen. Vi vil ha eit godt samarbeid med foreldre og skulen, slik ditt barn får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. «Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på en god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner» (KD, 2017, s. 34)

BARNEHAGEKVARDAGEN/RUTINER

Med dette meiner vi sosialt samspel, leik og aktivitetar, som er ein del av kvardagen vår uansett kva tema/fagområder vi held på med.

Det barna møter i barnehagen, dei tema som vi tek opp, døma vi vaksne nyttar, språkbruken, arbeids-og omgangsformene og heile miljøet, er sider av barnehagen sitt innhald. Kvaliteten på samspelet mellom barn og personalet, vert difor ei veldig viktig side av innhaldet, samstundes som det er ein sentral del av arbeidsmåten i barnehagen.

Levering/henting:

Personalet tek imot i garderoba, barn og foreldre skal føle seg velkomne. Lage ein god start på dagen og avslutte på ein god måte. Utveksle informasjon og skape gode relasjonar.

Av og påkledning/ garderobe/ stell/ toalett:

I desse situasjonane vil vi at borna etterkvart skal verte sjølvstendige i å kle på og av seg sjølv, og dei får positiv tilbakemelding på det dei får til. Barna får språktrening, og dei tileignar seg ordforråd knytt til kropp og kle. Lære gode vanar/hygiene – handvask osv. Barna får også kjennskap til fornuftig påkledning, ved at dei sjølve er med og bestemmer kva kle vi treng i dag. Vi vil oppmunstre dei til å hjelpe kvarandre.

Dagens hjelpar:

Barnet i fokus. Det er kvar sin dag å hjelpe til, og oppgåvene kan bestå i å hjelpe til å dekke bord, ringe med ryddebjella, lage til frukt, hjelpe til i samling, bære sekken på tur og liknande.

Måltid/kosthold:

Alle må vaske hendene før maten. Vi syng bordvers for å få ro, og for å markere at måltidet har starta. Vi legg vekt på at barna skal lære vanleg bordskikk som t.d. sitte i ro når vi et, ta hensyn til dei andre, ete maten sin fint, lære seg å fungere saman med andre, og at alle hjelper til å skape ei koseleg ramme rundt måltidet. Barna skal gjennom naturleg samtale lære ord og begrep knytt til mat og måltid. Barna skal verte sjølvstendige til å be om det dei ønsker, slå i melk, smøre på osv. Sunt kosthald er i fokus, tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskap om kost, aktivitet og kvile. Vi pressar ikkje borna til å ete opp, men oppmuntrar dei til å ete litt, prøve å smake. Og lære dei skilnaden på svolten og mett.

Gruppedeling:

Ofte deler vi avdelinga i mindre grupper/klubbar. Dette kan vere aldersbestemte, etter interesse osv, for å tilpasse opplegga betre, og for å få meir tid til den enkelte.

Samling:

Samlinga skal vere ei felles stund for både små og store. Samlinga skal vere lærerik, lystbetont og kan gjerast både inne og ute. Oppleve fellesskap, undring, glede. Barna får trenе på å lytte, sitte stille, vente på tur, ta ordet i gruppa, konsentrere seg, auke ordforrådet. Barna får lære songar, leikar, eventyr, rim og reglar osv. Den kan vere magisk!

Leik:

Leiken er barnas viktigast læringsarena. Leiken er ein frivillig aktivitet som er lystbetont og indremotivert. Leik er ein hjørnestein i barns utvikling. Dette gjelder både språkleg, sosial, emosjonell og kognitiv/moralsk og motorisk utvikling. Inne og ute, frileik og voksenstyrt leik, rolleleik og andre typar leik.

Rydding:

Barna skal lære medansvar for rydding. Dagens hjelpar vil ringe med bjella når det er ryddetid, og alle skal hjelpe til. Barna skal lære at rydding høyrer med til leiken. Lære å ta vare på tinga vår og å sortere. Dei vaksne må skape ei positiv atmosfære rundt denne stunda.

Kvile/sove:

Alle barn har rett til å få kvile i barnehagen. Få ei pause i aktivitetane. Dei minste treng å få sove, medan dei som er litt større får kvile seg på ei madrass/teppe. Dette gir ny energi, og ein er klar til ny aktivitet. Kvile er viktig i barns utvikling og fysisk og psykisk

helse. Gjennom kvile og søvn får barna lade opp og får bearbeide opplevingar og inntrykk dei har hatt på formiddagen i barnehagen.

Aktivitetar:

Vi har ulike aktivitetar gjennom dagen; forming, matlaging, song-musikk, språkløyper, motoriske løyper/aktivitetar osv. Barna skal få ulike utfordringar, oppleve meistring, og få varierte aktivitetar tilpassa alder og modning.

Trafikk:

Barna skal lære enkle trafikkreglar, og verte bevisste eigen åtferd, når ein ferdast i trafikken. Barna skal lære kor viktig det er å oppføre seg rett i trafikken, kvar det er trygt å leike. Vi nyttar "Trygg trafikk" sitt opplegg.
Dei vaksne må vere gode rollemodellar.

Turar:

Vi er ofte på turar, og skal verte godt kjende i nærområda, på plassane våre osv. Undre oss over det vi ser, hører og sansar i naturen. Oppleve endringar i temperatur, vind og vær, få frisk luft, og vennar på tvers av avdelingane.

Årstidene:

Uansett andre tema vi held på med, vert det fokus på årstida vi er i. Kva kjenneteiknar dei ulike årstidene, kva gjer dyra denne tida, kva veks/er i dvale, kvifor har vi snø/regn/sol osv. Barns medverknad og undring vert her sentrale, og vi vaksne skal vere aktive i denne prosessen. Vi skal kose oss i dei ulike årstidene, ake om vinteren, bade om sommaren osv.

Dyr:

Vi er opptatt av at barna skal få oppleve nærbilag med dyr, ta vare på – respektere anna liv. Få vise omsorg og føle seg verdifull i møte med dyr. Vi har eigne dyr i barnehagen, t.d høner, kaniner, fisk osv.

Digital praksis:

Vi brukar digitale verktøy for å støtte opp om barna sine læreprosessar, skape variasjon og kreativitet. Skape interesse og motivasjon, utforske – utvikle forståing og kompetanse. Framtidsretta innhenting av kunnskap, læring, forståing og utvikling.

FAGOMRÅDA

Rammeplan for barnehagar har 7 fagområde som barnehagane skal arbeide med i løpet av eit år. Intensjonen er å møte barna sine behov for læring. Ein må variere mellom barna sin frie leik og dei vaksen styrt aktivitetane. Vi må møte barna sin trond etter å vite og kunne, vi skal undre oss ilag på ein positiv måte. Både ved å legge til rette for læring gjennom formidling og ved å møte barna sine innspel der dei spør/undrar seg.

PROGRESJONSPLAN:

Kommunikasjon, språk og tekst:

Barna skal få utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer, utforske munnleg språk og skriftspråk.(RP s. 47)

1-2år	3-4år	5-6år
Forstå enkle beskjedar (t.d; kan du hente boka).	Forstå ein del begrep (preposisjonar, eintal/fleirtal, fargenamn, tal og bokstavar, overbegrep, motsetningar).	Ta imot og fylgje beskjedar. Kunne kategorisere ulike begrep.
Vite kvar nasa, munnen og augene er.	Kjenne igjen namnet sitt skrifteleg.	Kunne overbegrep. Kunne telle til 10.
Seie enkle ord, 2 ords setningar.	Medvit om eige kjønn.	Bruke språket til å forklare ting som har skjedd i ulike situasjonar.
Reagere på namnet sitt og kjenne igjen namn på barn og vaksne på avdelinga.	Bruke språket relevant i forhold til situasjon.	Fylgje med i bøker utan bilde Songar, rim og regler.
Erfaring med enkle peikebøker.	Svare på enkle spørsmål.	Forstå humor og leike med språket.
Kjenne igjen og etterkvart kunne synge songar/regler/songleikar.	Kan fortelje noko som skjedde i går.	Ha eit godt blyantgrep.
Undre seg.	Sette ord på kjensler.	Verte kjend med talsymbol opp til eigen alder.
Rable-teikne.	Synge songar med fleire vers.	Skrive namnet sitt.
	Rim, regler, songleikar, lytte til andre og vente på tur.	Sette ord på følelser og meininger, tankar. Datakunnskap.
	Øve på turtaking i spel, leik og kommunikasjon.	
	Forstå enkle preposisjonar .	

Kropp,rørsle, mat og helse:

Barna skal få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.(RP. S. 49)

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Lære enkle rørslesongar.	Lengre turar i variert terrengr.	Turar i variert terrengr.
Korte turar i nærmiljøet.	Kunne namn på kroppsdelar.	Få ei byrjande forståing for kva som er naudsynte kle.
Enkel leik med ball.	Øve på å smøre maten sjølv.	Forberede og lage mat på tur.
Danse til musikk.	Øve på å huske å vaske hender etter toalettbesøk.	Finmotoriske aktivitetar.
Lære å gå, hoppe og springe.	Kle på deg sjølv.	Gå på fjellturar.
Oppleve gode vaner og sunt kosthald.	Øve på å bruke saks og rett blyantgrep.	Efare og bruke naturen som leikearena.
Gjenjenne ein del kroppsdelar.	Bruke kroppen aktivt både inne og ute i naturen.	Ta andre sitt perspektiv.
Øve på å vaske hender sjølv Hygiene, få gode vanar.	Få gode erfaringar med ute og friluft heile året.	Vaske hender før måltid og etter toalettbesøk utan å verte mint på det og lære kvifor.
Oppleve mestring.	Rett til å bestemme over egen kropp, sette grenser.	Beherske regel leikar.
	Sunt kosthald.	Samarbeide i ballspel og andre samspelsleikar.
		Opparbeide respekt for eigen og andre sin kropp.

Kunst, kultur og kreativitet:

Barna skal få møte ulike kunstneriske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. (RP s.50)

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Få erfaring med instrument.	Utrykke seg estetisk gjennom dans, song, rolleleik og liknande.	Musikk og dans med enkle danseleikar.
Song og musikk, dans og bevegelsessongar.	Klippe, lime.	Prøve ut ulike materiale.
Få erfaring med ulike maleteknikkar.	Kunne namn på fargar. Bruke instrument.	Moglegheit for skapande aktivitetar som å lage eventyr, dramatisere, rolleleik.

Oppleve songar, rim og regler.	Oppleve glede ved å skape.	Dramatisere.
Erfaring med ulikt formingsmateriell.	Kreativ tenking.	Klippe ut figurer.
Utvikle fantasi og skaparglede.	Ulike teknikkar.	Stå fram i gruppa. Teikne/male motiv. Synge songar med fleire vers.

Natur, miljø og teknologi:

Barna skal få oppleve eit mangfold av naturopplevingar, og få oppleve naturen som ein arena for leik og læring. (RP. s52)

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Få erfaring med ulikt terreng.	Efare og undre seg over årstidene – refleksjon.	Verte kjend med og få erfaring med endringane i naturen gjennom ulike årstider.
Få erfaring med vatn, snø og is.	Kunnskap om dyr og vekster i nærmiljøet.	Lære å respektere levande liv.
Oppleve gleda ved å være ute i naturen.	Delta og lære av tema og prosjekt som fylgjer årstidene.	Få byrjande kunnskap om livsløpet.
Være ute i ulikt vær.	Mangfold i naturen.	Få høve til å under seg over fysiske fenomen.
Oppleve naturen i nærmiljøet.	Naturfenomen, fysiske lover.	
Undre seg saman med vaksne over småkryp.	Berekraftig utvikling.	
Få kjennskap til dei mest kjende husdyra.	Reiskap, teknologi, eksperimentere.	

Etikk, religion og filosofi:

Barna skal få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har eigenverdi. (RP s.54)

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Få ei byrjande forståing for korleis vi er mot kvarandre.	Lære seg å respektere, godta andre.	Lære seg å sjå andre sine følelsar, kunne hjelpe og støtte kvarandre.
Oppleve høgtider og		

tradisjonar. Glede i samvær og samspel med andre born. Få ei byrjande forståing for at andre kan ville noko anna enn deg.	Få ei byrjande forståing for samfunnet sine normer og verdiar. Utvikle evne til konfliktløysing. Vite korleis og kvifor vi feirar ulike høgtider og tradisjonar. Bli kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen.	Kunne hevde seg sjølv og sine egne behov. Samarbeid. Lære seg å respektere andre. Lære om bakgrunn for dei ulike tradisjonane i barnehagen. Kjenne til at alle menneske er ulike og vise respekt for det. Gje borna rom og tid til å filosofere.
---	---	---

Mengd, rom og form:

Barna skal få utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. (RP s. 53)

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Leik med former. Putteboks. Erfaring med størrelse og form. Bygge med klossar. Telle 1,2,3. Puslespel med store biter. Sortere, rydde leiker etter farge og form. Forstå tom/full, liten/stor.	Erfare, forske og leike med form og mønster. Sortere etter form, farge og størrelse. Telle til 10. Bygge med klosser. Spele spel. Begrepsforståing. Oppdage og undre seg over matematiske samanhengar. Leike, eksperimentere med tal, mengd, teljing os. Utforske, erfare både ute og inne.	Utforske og erfare mengde. Meir erfaring med terningspel og liknande. Arbeide med mengder opp til 5. Mengdeord. Utforske vekt og volum. Konstruksjonsleik. Erfaring med mengde opp til 10. Kjenne vekedagar, månader og årstider. Ha forståing for rekkefølgje Motsette begrep, størst, minst, gamal, ny.

Nærmiljø og samfunn:

Barna skal oppleve tilhørsle til nærmiljøet. Kulturelt mangfold, ulike levemåtar og forskjellige familieformer. Lære å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane. (RP s. 56).

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Verte trygg på avdelinga.	Erfare at egne handlingar kan påverke andre.	Verte kjend med nokre bedrifter, institusjonar i barnehagen sitt nærmiljø.
Få ei byrjande gruppekjensle.	Få oppleve at det dei gjer betyr noko for andre.	Førebuing til skulestart.
Verte kjend i barnehagen.	Medvirke i eigen kvardag, utvikle tillit til samfunnsdeltaking.	Kunne eige namn og adresse.
Verte kjend i nærmiljøet til barnehagen.	Utforske ulike landskap.	Kjennskap til kommunen vår.
Tilhøyrigheit.	Lokalhistorie.	Samane er Norges urfolk, kjennskap til samisk kultur.
	Ulike tradisjonar, ulike familieformer, fremje likestilling og motvirke diskriminering, fordommar, stereotyper og rasisme.	Nasjonale minoritetar.
		Menneskerettane, FN sin barnekonvensjon.

SAMARBEIDSPARTNARAR

- Herøy kommune (ulike avdelingar)
- Dei andre barnehagane og skulane i kommunen.
- Brannstasjonen, politistasjonen, ambulansen
- Helsestasjonen, barnevern
- PPT kontoret (spesielt i samband med barn som treng ekstra hjelp), trefftid.
- BUP og Barnehabiliteringa (i samråd med foreldra).
- Tverrfagleg team (lavterskel tilbod, barnevern-helse-ppt, foreldre og bhg.)
- Biblioteket, Herøy produksjon, sjukeheimen
- Kyrkja, kulturskulen.
- Høgskulen i Volda
- Herøy Vidaregåande skule
- NAV.
- Bedriftshelsetenesten (medi 3)
- PBL (Private barnehagars landsforbund)
- Bedrifter i kommunen vår.

- Hakallegården, Atlanterhavsparken, Ivar Aasen tunet.
- Sunnmørsbadet, Runde miljøsenter osv.

OBSERVASJON-PLANLEGGING OG KARTLEGGING

Å observere tyder å systematisk undersøke og iaktta korleis noko forheld seg. Observasjon kan vere til nytte for å studere arbeidet i barnehgruppa, samt dokumentasjon på barnet si utvikling over tid. Til fleire auge som ser, til betre og meir variert er observasjonsgrunnlaget. I barnehagen vil systematisk observasjon av alle barn vere nyttig, dette for å kunne vite kva barna meistrar og kva det har vanskar med, og kva relasjonar det har i barnehgruppa.

Barn i førskulealder uttrykker seg i stor grad gjennom handlingar og kroppsspråk. Det er viktig at dei vaksne i barnehagen observerer slik at dei kan avdekke konflikter og om der eventuelt er barn som ikkje får vere med i leiken.

Observasjon av den vaksne si rolle i barnehagen er også viktig for den einstilde si yrkesutøving og vidareutvikling.

Det vert nytta ulike observasjons-skjema i dette arbeidet, alt etter kva situasjonar ein vil observere. (T.d: «Alle med», «Trygg og klar», «Tras», eigne skjema).

Det vi har av data, vil vi formidle til foreldra på t.d. foreldresamtalar.

Vi har rutiner for sikkert personvern. Desse samtykkeskjemaene ligg på kid-plan under «samtykker», og er ein del av vårt HMS arbeid. Det er viktig at foreldre passer på at desse er oppdatert til ein kvar tid.

DOKUMENTASJON OG VURDERING

Små og store planar, dei ulike opplegga som vert gjennomførte, reglar og rutiner osv., vert dokumentert og må evaluerast med jamne mellomrom. Dette for å kunne gjere ein god jobb, og justere planar/opplegg.

Personalelet vil gjennom det daglege arbeidet sjå om praktiske arbeidsmåtar fungerer, om barna syner interesse for dei tema vi held på med, om materiell og utstyr er funksjonelt, og vekker glede og interesse.

Personalelet har møter med jamne mellomrom, der vi diskuterer erfaringar og vidare arbeid. Dei små daglege vurderingane er like viktig som ei sluttevaluering av tema, og heile årsplan. Her er vurderingsverktøya vår til god hjelp (barneintervju, medarbeidarsamtaler, statusmøter med lederane, IGP arbeid, brukarundersøkelsar o.l.). Noko dokumenterer og evaluerer ein på avdelinga (enkelt barn sin trivsel og utvikling, samhøyrigheit i gruppa, arbeid med fagområda, språkutvikling, samspele barn-barn, og barn-voksen, samarbeid med heimen), medan andre område vert evaluert i heile personalgruppa (satsingsområde vidare, fag, fokusområder, brukarundersøkelser osv.) Målet er å vere i kontinuerleg utvikling og i framdrift.

Trollbarnehagane er medlem i PBL (Private barnehagers landsforbund), og nyttar deira HMS system.

I tillegg vert det meste vi gjer dokumentert på heimesida, med tekst og bilder.

Vi har utarbeida eigne vedtekter for Trollbarnehagane.(sjå kid-plan)

Herøy Kommune er tilsynsmyndighet.

Den spesielle delen av årsplan, den som går frå år til år, vert evaluert for kvar månad, samt ei hovudevaluering til våren. Denne skal også føresette vere med på.

Langtidsplanen, dvs. denne som går over 4 år, vert evaluert igjen i 2027. Her er heile personalgruppa med, og innspel frå føresette er også her viktig.

Det vi planlegg, må vi ikkje gjennomføre for ein kvar pris- vi ser an dagen ift barnas medverknad, personalsituasjon, vær, m.m.

Vi ønsker tilbakemeldingar frå foreldre/føresette, både positiv og konstruktiv.

De må sjå det som ei gylden anledning til å påverke innhaldet i dykker barn sin barnehage.

Evalueringa skal vere kontinuerleg.

Velkommen som brukar i våre barnehagar, og vi håpar du vil trivast saman med oss!

<3 helsing personalet i Trollbarnehagane